



## DEN NORSKE KYRKJA Lavik Sokneråd

**Møteprotokoll Lavik sokneråd  
mandag 7. mars 2022 kl. 19.00**

**Tilstades:**

Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Ringereide Borlaug, Rolf Aamot, Karl Hjelmeland, Hilde Iren Bosdal

**Ord til opning v/ Karl Hjelmeland**

**Godkjenning av innkalling, referat og sakliste.**

**Meldingssaker:**

**02/22: Sidan sist.**

*Gudstenester:* 16. jan Tårnagentgudsteneste, mange barnefamilier og ei fin gudsteneste  
13. febr Gudstenest, ca 10 oppmøtte

*Trusopplæring:*

Tårnagentar 15. og 16. januar

Myldresamling, Kolliderte med karusellrenn, berre 3 born, men fin samling.

T-dag 1.-4.klasse på kyrkjekontoret, 8 born deltok

Fredagskveld med Taco 5.-7.klasse på kyrkjekontoret, 9 (alle i målgruppa)

Konfirmantsamlingar; utfordrane m tanke på varierende restriksjonar og sjukdom, nok felles med Hyllestad, noko aleine.

Mat og Prat 9. febr. På Alværa. 11 oppmøtte. Koseleg kveld med innleiing v/ Audun Systad om steinkrossane frå Hyllestad som står på ulike stadar på vestlandet og påfølgande samtale.

Info frå Fellesrådsmøte 3. febr. Gj.gang av møteprotokoll. Vi merka oss at Lavik kyrkje skal malast i år.

Helgestunder – 1/22 Klart til trykking. Vi bidreg med småmaleri laga av born og unge i Lavik Samrådsmøte 28. februar – om prestesituasjonen til hausten. Info om førebels arbeid med kva stillingar som skal utlysast i samband med at både Karl Hjelmeland og Audun Systad går av med pensjon frå sommaren 22.

Alværa og minigolfbana. Søknad om stønad. Sjå vedtakssak 12/22

### **3/22 Vårkonsert**

**Vedtak:** Fjordbrass får lovnad om bruk av kyrkja til vårkonsert fredag 8.april. Ei trombonegruppe frå Gøteborg deltek.

### **Vedtakssaker:**

#### **06/22: Gudstenestene vidare**

Klokkar og kyrkjevertar. Sjå vedlegg Gudstenesteplan. Delvis oppdatert.

1.pinsedag, 5/6, vi snakka om evt å ha ei friluftsgudsteneste; alternative stader er Prestefjøra i Lavik og Gildrevika på Norevik – med kyrkja som alternativ dersom dårleg ver.

Vi planlegg ikkje noko arrangement for sommaran no, men har opning for ei gudsteneste dersom det evt skulle dukke opp ynskje om dåp.

28/8 Truleg gudsteneste med invitasjon til 50-årskonfirmantar og pres.av nye konfirmantar.

25/9 Truleg hausttakkefest.

#### **07/22: Årsfest og årsmøte**

**Vedtak:** Årsmøte og årsfest vert Onsdag 30. mars. Kl 17 på Alværa. Vi legg som tidlegare opp til at barnefamiliar kan delta, Middag og diverse program i tillegg til tradisjonelt årsmøte. Oppgaver delvis fordelte, resten tek vi på fb-Gruppa.

#### **08/22; Årsmelding for 2021.**

**Vedtak:** Framlegg til årsmelding 2021 vart godkjent.

#### **09/22: Fasteaksjonen 2022 – 3. til 5. april.**

**Vedtak:** Fasteaksjonen vert gjennomført 3.-5. april av konfirmantar saman med soknerådet.

#### **10/22: Påskevandring rundt kyrkja.**

Påsketidsplansjane vert sett opp rundt kyrkja. Toril bestiller påskakalenderar til borna.

**Vedtak:** Det vert ei samling for storfamilien ute ein dag i starten av påska med vandring rundt til plansjane, litt aktivitetar og premier til born. Bålpanne og pølser dersom veret tillet.

#### **11/22: Dugnad på kyrkjegarden**

Vi bed kyrkjetenarane om å sette opp ei prioritert liste over behov for arbeid,

**Vedtak:** Det vert dugnad på kyrkjegarden *måndag 2.mai* på ettermiddagen.

**12/22: Møteplan – våren 2022.**

**Neste møte: Måndag 9.mai kl 19 på kyrkjekontoret.**

**13/22 Minigolfbana Alværa**

**Vedtak:** Lavik sokneråd garanterer for 15 000 kr til dekking av materiell i samband med opprusting av minigolfbana.

Lavik 10.03.2022

Torunn Styve, ref

